



Møtebok frå medlemsmøte 8.mai 2010 på Grotli Høgfjellshotell

Sakliste

1. Konstituering

- Godkjenning av innkallinga
- Val av tellekorps
- Val av to representantar til å skrive under møteboka
- Val av møteleiar og referent

2. Godkjenning av saklista

3. Sak til medlemsmøtets orientering.

- Brev frå forbundets Lov- og kontrollkomité til Jotunfjell Fjordane EHK vedrørende klubbens årsmøte for 2009
- Styrets kunngjering ovanfor medlemsmøte vedrørende Lov- og kontrollkomiteens merknader.

4. Signaturfullmakt på vegne av klubben

- I samband med at klubben skal registrerast i frivilligregisteret i Brønnøysund, for å få eige organisasjonsnummer, lyt klubben ha eit lovleg fatta vedtak om kven som har signaturrett på vegne av klubben.

Innkomne saker:

5. Vedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK

- Representantar i vedtektskomiteen
- Mandat

6. Val til ulike komitear

- Bandhundkomitear
- Laushundkomitear
- Blod- og ferskspor komitear

7. Ungdomsutval

8. Klubbkampar – skal klubben ta initiativ til å arrangere klubbkamp?

9. Eventuelt

10. Årets hundar 2009

- Årets vakraste hund i Jotunfjell Fjordane EHK
- Årets laushund i Jotunfjell Fjordane EHK
- Årets bandhund i Jotunfjell Fjordane EHK



1. Konstituering

- Innkallinga vart samrøystes godkjent
- Odd Engen og Mads Vole vart samrøystes valt til å vere tellekorps ved voteringar under medlemsmøte.
- Asbjørn Hansen og Andreas Solvik vart samrøystes valt til å skrive under møteboka frå medlemsmøte.
- Per Inge Solvang vart samrøystes valt som møteleiar.
- Olve Steinset vart samrøystes valt som referent.

2. Godkjenning av saklista

Saklista vart samrøystes godkjent.

3. Sak til medlemsmøtets orientering.

Møteleiar Per Inge Solvang overlet ordet til klubbens sekretær, Olve Steinset, slik at han kunne gjere reie for bakgrunnen for saka. Bakgrunnen var at ein del av klubbens medlemmar hadde sendt inn klage til forbundets Lov- og kontrollkomité og klaga på måten det vart kalla inn til sist avhalde årsmøte i klubben.

Olve Steinset refererte brevet til klubben frå Lov- og kontrollkomiteen i Norsk Elghundklubbers Forbund datert 8.februar d.å. og styret i Jotunfjell Fjordane EHK sitt orienteringsskriv til medlemsmøte vedrørande sama saka. Begge skriva var utsendt som saksdokument til møte.

Medlemsmøte tok orienteringa til etterretning og sa seg nøgd med utfallet saka fekk.

4. Signaturfullmakt på vegne av klubben

Styret innstilte på at klubbens leiar og kasserar fekk slik signaturfullmakt.

Vedtak:

Styrets innstilling vart samrøystes vedteken.

Innkommne saker:

5. Vedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK

Olve Steinset hadde fremma sak til medlemsmøte om at det vart valt ein komité med oppgåve å utforme framlegg til eigne klubbvedtekter.

Styrets innstilling:

Styret i Jotunfjell Fjordane EHK er samd med forslagsstillaren og innstiller på at det vert valt ein vedtektskomité på 4 personar, der den eine representanten kjem frå styret i klubben. Styrets innstilling er: Ola Auale, som styrets representant i komiteen, dernest Christian Vole, Pål Vesterås og Jan Skogen.

Vedtak:

Styrets framlegg vart samrøystes vedteke.



Styret foreslo fylgjande mandat for vedtektskomiteen:

" Utvalet skal, innan 15. desember 2010, utarbeide framlegg til vedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK. Norsk Elghundklubbers Forbund lovnormal for områdeklubbane skal leggest til grunn i utforminga av klubbens vedtekter.

Utvalet skal særleg sjå på og komme med framlegg til:

1. *Korleis årsmøte skal innkallast og minimums innhald i slik innkalling.*
2. *Korleis medlemsmøte skal innkallast, med fristar og kunngjering.*
3. *Korleis oppgåvefordelinga skal vere mellom ulike rollar i klubbens styre, fordelt på:*
 - *Leiar*
 - *Nestleiar*
 - *Kasserar*
 - *Sekretær*
 - *Styremedlem*
4. *Retningsliner for val til ulike komitear, desse sine oppgåve og korleis dei skal rapportere sin aktivitet.*
5. *Retningsliner for klubbens arkiv og eigendelar, med fordeling av oppgåve og ansvar for slike.*

Elles står utvalet fritt, innanfor rammene til ovanfor nemnde lovnormal, til å fremme andre saksområde dei meiner klubbens vedtekter bør omfatte.

Saksgang

Utvalets framlegg til klubbvedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK vert kunngjort på klubbens nettstad så snart styret i klubben har dette i hende. Det vert så opna for at medlemmar i klubben kan få komme med sine innspel i høve utkastet fram til 10. januar 2011.

Klubbvedtekter vert handsama som eige sak på klubbens årsmøte i februar 2011.

Vedtak:

Styrets framlegg til mandat for vedtektskomiteen og saksgang vart samrøystes vedtatt.

6. Val til ulike komitear

Svein Dalseghagen hadde sendt inn forslag på kandidatar til klubbens bandhund-, laushund- og blod- og ferskspor komitear.

Styrets innstilling.

Styret foreslår ovanfor medlemsmøte at dei som sitt i desse komiteane i dag fungerer fram til årsmøte i februar 2011.



Mads Vole orienterte medlemsmøte om at Bjørn Sæta ikkje lenger ynskje å vere med i klubbens bandhundkomité øst, slik den i dag var samansett.

Vedtak

Medlemsmøte vedtok samrøystes styrets framlegg med det tillegg at styret kontaktar Bjørn Sæta. Ynskjer han framleis, etter denne kontakten, å gå ut av komiteen finn styret ein erstattar for han fram til årsmøte i februar 2011.

Medlemsmøte fatta og samrøystes vedtak om at medlemmar i klubbens ulike komitear skal velgast i samsvar med dei vedtekter årsmøte i 2011 fattar vedtak om.

7. Ungdomsutval

Forbundssekretær Arild Visdal, i NEKF, orientere medlemsmøte om bakgrunnen for at Norsk Elghundklubbers Forbund no ville ha ei særeigen satsing ut mot ungdomen og viste mellom anna til den satsing Norsk Jeger og Fiskeforbund har på dette området med svært godt resultat. Det kjem om kort tid ei oppmoding frå forbundet til klubbane om å take initiativ til at det vert oppretta ungdomsutval i dei einskilde klubbane. Forbundet ynskjer og at det vert arrangert eigne ungdomsmeisterskap med aldersgrense opp til 21år.

Medlemsmøte syntes dette var eit viktig område å vie merksemd til.

Vedtak

Fyljande vart samrøystes vedteke:

Vedtektskomiteen skal i sitt arbeid, med eigne klubbvedtekter for Jotunfjell Fjordane EHK, ta omsyn til eit framtidig ungdomsutval i klubben. Styret skal, fram mot årsmøte i februar 2011, handsame spørsmålet om ungdomsutval og legge fram ei eiga innstilling om saka ovanfor årsmøte.

Dersom det i arbeidet med eigne klubbvedtekter og i styrets handsaming av saka, synes å vere hensiktsmessig med eige ungdomsutval i klubben, alt i neste årsmøteperiode, skal valkomiteen ha i oppdrag å innstille kandidatar til ungdomsutvalet.

8. Klubbkampar – skal klubben ta initiativ til å arrangere klubbkamp?

Medlemsmøte bad komiteane for laus- og bandhund om å take initiativ til at klubben på nytt vart engasjert i slike klubbkampar.

9. Eventuelt

Klubbens kasserar, Idar Nygård, gjorde greie for kva kostnadar deltakinga på messa Aktiv Fritid i Ålesund hadde kosta klubben. På årsmøte vart det vedteke eit budsjett der kostnadane til deltaking på ei slik messe ikkje var tatt høgde for. Rett nok vart det på årsmøte, uformelt på tampen av møte, ytra ynskje frå årsmøte om at klubben skulle drive med slik profilering og delta på denne messa. Då var det antyda ein kostnad på nær kr.10.000,-, no syntet seg at desse kostnadane kom på litt i overkant av kr.15.000,-.



Styret bad difor medlemsmøte om å vere med på ei ekstraløyving i høve til dette og supplere budsjettet med kr.7.000,- som frie midlar.

Medlemsmøte tilslutta seg samrøystes til dette.

11. Årets hundar 2009

- Årets vakraste hund i Jotunfjell Fjordane EHK
- Årets laushund i Jotunfjell Fjordane EHK
- Årets bandhund i Jotunfjell Fjordane EHK

Klubbens leiar, Per Inge Solvang delte ut diplom til:

Årets bandhund i Jotunfjell Fjordane EHK, 2009

Eigar: Amund Byrløkken, årets bandhund Losnabakken's Garm / 20170/05

Årets laushund i Jotunfjell Fjordane EHK, 2009

Eigar: Kari Ramen, årets laushund Losnabakken's Driva / 12953/05

Årets vakraste hund i Jotunfjell Fjordane EHK, 2009

Eigar: Tor Helge Storevik, årets vakraste hund N UCH N J(B)CH Deville Av Bjønnsteg - 23017/06

Klubben har bestilt skjold til alle, som dei vil få ettersendt så snart dei er ferdigprodusert.

Møte vart hava kl.17:00

Referent:

Olve Steinset

Møteboka er kontrollert og underteikna av:

Asbjørn Hansen

Andreas Solvik